

# ÅRSMELDING

## for Rasdalen grendalag

### 2022/2023

#### Innleiing

På grunn av Korona-pandemien har me ikkje hatt årsmøte i 2020 og i 2021. Det har ikkje vore endringar i styret i desse to åra, og det vart heller ikkje gjort endringar under årsmøtet i 2022.

#### Styret er dermed samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Arild Skjelbred, Nina Haugsnes og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Vegard Rasdal, Victor Larsen

Av styret står Terje på val (leiar), Frode og Arild står på val (styremedlemmer) og Vegard står på val (varamedlem).

-----

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal, Geir står på val.

Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

#### Møteverksemd

Dette året har det vorte halde tre styremøte i grendalaget. I tillegg har styret hatt ein del kommunikasjon digitalt. Det første styremøtet hadde me 14.april, det andre møtet vart halde 27.mai og det tredje 30.september.

Årsmeldinga vil vidare setja fokus på nokre av dei sakene som me i styret synest har vore viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Sjølv om det ikkje vart årsmøte i 2020 og 2021, så vart det sjølvsagt skrive årsmeldingar. Men i 2022 hadde me årsmøte som vanleg på Skjærtorsdag, og også styremøte i forkant av årsmøtet. Der gjekk me gjennom årsmeldinga og hadde ein gjennomgang av aktivitetane i grendalaget utover i året. Det vart også arrangert påskerenn i Haugamyra påskeaftan, og etterpå var det påskebasar i grendahuset. På basaren gjorde me der ei endring, nemleg at det no vert tre trekningar med 10 kroner per åre. Det var greitt å få i stand ein vanleg påskebasar igjen, og det var bra med folk som kjøpte rikeleg med årer. Resultatet vart såleis imponerande på denne basaren, heile 16940 kroner fekk me inn !

Årsmeldinga som, med eventuelle endringar, vert etter årsmøtet lagd ut på Rasdalssida, [www.rasdalen.no](http://www.rasdalen.no). Det må vera i grendalaget si interesse at aktivitet og det som har skjedd det siste året, vert skriftleg dokumentert, også med tanke på dei som kjem etter oss. Elles vert medlemmene i grendalaget oppfordra til å senda bilete, ev. med tekst, til redaktøren av sida.

## **Saker det har vore arbeidd med :**

### **Dugnaden 28.05.2022**

Denne gongen gjekk dugnadsarbeidet i hovudsak ut på å rydda stølsvegen frå Gamlestølen og innover mot Bakkastølen. Me hadde godt ver den dagen, og me fekk gjort det som me skulle. Nokre tre vart også saga ned, og det vart også laga nokre klopper av trekubbar der det var vått. Det vart også den dagen vaska og reingjort i grendahuset, det høyrer også med til dugnadsarbeidet.

### **Sommarfesten 30.07.2022**

Sommarfesten vart avvikla etter same mønster som tidlegare, først aktivitetar ute, og så samling inne. Det var 23 personar denne gongen som hadde ein triveleg kveld i lag. Uteaktivitetane gjekk greitt unna med konkurransar og med natur- og kultursti, og veret var på vår side. Etterpå heldt me etter tradisjonane til i salen nede. På grunn av Koronaen hadde også denne gongen deltakarane med seg mat sjølve. Elles var det quiz med varierte spørsmål, allsong og eit åresal som gav grendalaget pengar i kassa. Denne festen er viktig for grendalaget, og denne gongen fekk me inn 5585 kr på åresalet, imponerande med tanke på at me ikkje var så mange denne kvelden. Det var også spesielt kjekt for oss alle at Ingfrid var med på denne sommarfesten, det vart den siste gongen ho kom opp i Rasdalen.

### **Fellestur til Bjørgo 31.07.2022**

Dette vart ein interessant og spesiell fellestur ! Terje tok turen til Bjørgo ei veke på førehand, og gjorde der avtalar med Arne Østerbø om opplegget. På denne fellesturen var me berre 4 personar, det var fleire som ikkje hadde høve til å vera med denne gongen. Arne Østerbø var flink til å fortelja, og han hadde mykje interessant å formidla ifrå dette fasinerande området. Dette var ein ny plass for dei som var med, og som me ofte avslutta stilane med før i tida : Me var alle samde om at det hadde vore ein gild tur.

## Økonomien til grendalaget

Som det har vorte skrive i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.2022 var på        kr. Etter den tid har det gått ut om lag        kr til faste utgifter. Som elles i samfunnet merkar me at straumutgiftene også har auka her i grendahuset.

Når det gjeld medlemskontingenten, oppmodar me medlemmene at den vert betalt inn innan 1.juni 2023, dette er også ei inntekt som er viktig for grendalaget.. Det er like godt å få det gjort, elles vert det fort gløymt. Kontingenten for husstand er 300 kr, og for enkeltmedlem 150 kr. Kontonummeret til grendalaget er 3480 11 38286, Vipps-nummeret er 530 195. Informasjon om dette ligg også på [www.rasdalen.no](http://www.rasdalen.no) og på Facebook.

## Diverse

Det viktigaste dugnadsarbeidet vårt opp gjennom åra har vore vedlikehaldsarbeid og anna arbeid på grendahuset. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka dette huset.

Dette med å ta vare på huset, slik at det ser velstelt og skikkeleg ut, er noko som alltid må prioriterast. Det er også då viktig at huset vert brukt til samkomer, møte og feiring av ulikt slag.

Sommaren 2022 vart det lagt ut 25 tonn med grus på vegen opp mot, og delvis på, skuleplasen. Dette arbeidet vart utført av Jaran og Jan.

I takt med straumutgiftene, heva me i 2022 prisen på å dusja frå 20 kr til 30 kr. Ingen skulle vel gå konkurs på grunn av det !

Styret kjem på dette årsmøtet med framlegg om ei endring i vedtektene våre. Det gjeld vedtektene som gjeld styret (§4). Der vil me auka talet på styremedlemmer frå 5 til 6, og som før også ha 2 varamedlemmer. Då vil me få med oss Wenche Helle som ny styremedlem. Styret håpar at årsmøtet vil gå inn for denne endringa, det er positivt å få inn nye folk i styret for grendalaget.

Hausten 2022 vart det også ein del styr med at det brått kom ukjende menneske inn i grendahuset. Dei visste kor nøkkelen var, dei kom seg inn og gjorde seg nytte av badet. Dette reagerte me i styret på, me hadde ikkje fått nokon førespurnad om dette. Så det er grunnen til at me installerte nøkkelboks på grendahuset. Det er medlemmene i grendalaget og deira familie som får bruka grendahuset, og desse får då ein kode som dei brukar for å koma seg inn.

## Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

Koronaåra har vore spesielle for alle, men trass i dette så har det likevel skjedd ein god del i grendalaget sin regi i desse åra. Sjølv om ein god del av påskeaktivitetane har gått ut, så har dei andre opplegga og aktivitetane vorte gjennomførte. Grendahuset har, slik som årsmeldinga viser, vore i bruk og til nytte. Badet vert brukt og er såleis eit godt tilbod for medlemmene. Vipps gjer det enklare når det gjeld betaling, anten det er på badet eller på basar.

Styret prøver så godt det kan å vidare tilretteleggja aktivitet i dalen. Me tek sjølv sagt sikte på å arrangera både dugnad, fellestur og sommarfest i 2023, informasjon om dette skal koma om ikkje så lenge. Tidspunkta for sommarfest og fellestur vil me diskutera med medlemmene, og me tek ei lita meiningsutveksling på dette på påskebasaren 8.april.

Som sagt er det viktig å halda grendahuset i bra stand. Me har også ei ordning med at det er ettersyn av grendahuset i vinterhalvåret. Særleg er dette viktig når kulden set inn og det er fare for frost, og også når det er mykje snø, slik som det var før i vinter.

Så er det også viktig at me fylgjer godt med på kva Voss herad tenkjer og vil gjera når det gjeld dette med omklassifisering av kommunale vegar. Her skal me i styret vera i høg beredskap dersom det skulle koma diverse utspel derifrå.

Som det stod i årsmeldinga i fjor, så er gjennomsnittsalderen i styret høg. Dermed vert dette med rekruttering meir og meir påtrengande for kvart år som går. Eit steg i rett retning er viss me får gjennomslag for den vedtekts-endringa me gjer framlegg på dette årsmøtet.

Avslutningsvis ser me at det vert færre folk å sjå i dalen både om sommaren og elles i året. Men me får berre stå på og gjera vårt til at det kan vera attraktivt for folk å ta turen opp i Rasdalen.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal 22.03.2023

